

Nils Markus Bakke
Fjellangersvingane 147
5955 Lindås

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7658 - 22/86553

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
18.11.2022

Løyve til å byggje landbruksveg på gbnr. 103/2 og 7 Fjellanger i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Nils Markus Bakke løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 103, bnr. 2 og 7 Fjellanger i Alver.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Under arbeidet må ein så langt råd er, søkje å unngå skade/inngrep på eventuelle kulturlandskapstrekk.
- Om det er naudsynt å køyre til masse, må tiltakshavar dokumentere at massane ikkje er ureina.
- Eventuelle privatrettslege tilhøve må avklarast som ev. godkjenning av bruksendring for avkjørsle til offentleg veg.
- Vegen må byggjast i tråd med tekniske krav som vedkjem vegklasse 7 i «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse».
- Vedtaket er gyldig til 01.12.2025 og tiltaket må vere ferdig innan 01.12.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Nils Markus Bakke søker om løyve til å byggje landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg. Lengda på vegen er oppgjeve til om 480m. Dekningsområdet er i søknaden oppgjeve til 150daa produktiv skog med uttak av 3000m³. Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 500.000. Delar av vegen er alt bygd.

Vegen kryssar undr fv 57 med ein undergang – sjå fig. 1-2 neste side.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922




Fig. 1. Oversyn over veganlegget. Vi ser at store delar av vegen ligg på bnr. 7 og at den krysser fv 57.



Fig. 2. Vegen er alt bygd. I bakgrunnen ser vi krysset av fv 57.



Fig. 3. Vegen, der den er bygd, er nokre stader noko smal. Stadvis kan det vere knapt med stikkrenner.

Føremålet med saka er å få avklart om vegen kan godkjennast slik den ligg føre d.v.s. om mellom anna ålmenne interesser er tekne i vare.

VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Noko av vegen skal, slik som sakshandsamar oppfattar det, verte nytta til andre føremål enn skogbruk. Dette gjeld tilkomst til beite og riding etc. Noko av dette er nemnt i stadfesting frå eigar av bnr. 7 av 27.03.2022. I stadfestinga går eigar av bnr. 7 god for at vegen kan byggjast på hennar eigedom. Kryssinga under fv 57 er for låg til at ein kan nytte vegen fullt ut, men det er tilkomst frå både sider. Det har tidlegare vore ei alvorleg ulykke i området og vegen sikrar folk som nyttar området til rekreasjon m.a. riding, ei sikker kryssing av fv 57. Kommunen meiner uansett at over brorparten av interessene i vegen gjeld landbruk.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærlieken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein

under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stoggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden utover at dei peikar på at undergangen er låg og at vegen er noko overdriven reint økonomisk p.g.a. dette.

Veganlegget ligg på bnr. 2 og 7. Eventuell bruksendring i høve avkjørsleløyve til offentleg veg må avklarast.

Der vegen er bygd er det stadvis litt knapt med stikkrenner, kulverter. Tiltsakshavar bør vurdere å gjere ein del utbetringar her, noko som vart drøfta under synfaring den 24.10.22. Dette har med ferdiggodkjenning av veganlegget å gjere.

Alver kommune, landbruk meiner at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok til å fatte vedtak og slik stettar krava i naturmangfaldslova § 8. Vidare meiner vi at «føre van» prinsippet i § 9 er teke i vare. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket vil påverke den samla byrda som økosystemet er eller vil verte utsett for jf. naturmangfaldslova § 10. Vi ser ikkje grunn til å stille krav etter naturmangfaldslova §§ 11 og 12. Intensjonane i naturmangfaldslova §§8-12 er slik sett teke i vare jf. § 7.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte og løyve til å få bygge vegen vert med dette gjeve.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar
- Normalar for landbruksveier – med byggebeksrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvalningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7658»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nils Markus Bakke

Fjellangersvingane 147 5955 Lindås